



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 23.03.2023  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 12:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Inger Lise Brekke	H	Varaordfører
Morten Sognnes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

**Desse møtte frå adminstrasjonen :**

Anne Hildegunn Færøy  
Asbjørn Nagell Toft  
Atle Vaage  
Bjørnar Fjellhaug  
Ketil Tjore  
Odd Harald Dommersnes  
Rolf-Henning Myrmel  
Thomas Lindås  
Trine Merete Jansen

Austrheim 30. mars 2023

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
024/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
025/23	Godkjenning av møteprotokoll
026/23	Meldingar
027/23	Delegerte saker
028/23	Orienteringssak
029/23	Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS
030/23	Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 - Godkjenning
031/23	Mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for næringsområde NO4 Mongstadkrysset, planid. 2003002- Offentleg ettersyn
032/23	Framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim om Åsheim krins
033/23	BTI - modellen
034/23	Avtale om tenesteyting - Austrheim sokn
035/23	Innføring av utvalsmodellen i Austrheim kommune
036/23	Auke låneramme formidlingslån Husbanken

## **024/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 024/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **025/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 025/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **026/23: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om hamnesaka, som kom som ettersendt melding med saksframlegget som var oppe i Øygarden kommune.

- Saka gjeld flytting av godshamna frå Bergen sentrum og til Ågotnes i Øygarden kommune.
- Er lagt opp til å flytta cruisetrafikken til Skolten.
- Hurtigruten og Kyststruten skal vera der den er i dag.
- For Danskebåten er det litt usikkert, kanskje flytting til Ågotnes, eller Flesland-området?
- Er lagt opp til investeringar på 2,3 milliardar, for Austrheim med 1 prosent vert dette 23 millionar, og det er ikkje realistisk at Austrheim skal inn med investeringsmidlar til ei godshamn i Øygarden.  
(Investeringar på 1,8 milliardar å Ågotnes og 500 millionar på Skolten)
- Har vore diskusjonar om kor mykje Bergen Hamn får med seg ut av hamnekassen i samband med flyttinga.
- Hamna har inntekt på cruise, men ikkje på gods.

Eigarmøte i Eviny, der var det diskusjon om å utvida med ladestasjonssatsinga vidare frå Norge, Sverige og Danmark også inn i Tyskland. I Tyskland er det er statleg støtte til etablering, og vidare til drift dei første ti åra. I eigarmøtet sa Statkraft nei til denne satsinga, men det er seinare komme semje om at ein går vidare med ladesatsinga i Tyskland.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 026/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

## **027/23: Delegerte saker**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan, Asbjørn Toft, orienterte om dei delegerte sakene.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 027/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

**028/23: Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Prosjektleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om ulike prosjekt, der dei største er opprusting av skulane.

- Har rimeleg bra kontroll på økonomien i desse, og har i dag utløynt opsjonen på riving av Stueland-huset ved Kaland skule. Dette var ein buffer som ein kunne halde unna dersom det var kostnadsaukar som måtte dekkast inn.
- Skuleprosjekta er også i rute på tid, og har eit par veker å gå på om det skulle verta forseinkingar.
- Oversikta som vart vist ligg ved møteprotokollen.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om økonomistatus. Kjem meir omfattande i samband med tertialjusteringa.

- Auken i renta i dag på 25 poeng (0,25 prosent), betyr rundt 200.000 kroner utifrå Austrheim kommune si samla gjeld (men kommunen har renteavtalar av ulik varigheit).
- Ser at det har gått ekstraordinært mykje til brøyting i vinter.
- Sjukefråværet 11 prosent i januar, det er høgt, vert jobba aktivt med å få ned dette.

Avdelingsleiar plan, Asbjørn Toft, orienterte om arbeidet med planar. Vil laga temaplanar innan helse heller enn kommunedelplanar (som tidlegare), dette er ei endring som kan gjerast administrativt utan å gå via ei godkjenning frå kommunestyret.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om arbeidet med "Mot i skulen".

Viste denne informasjonsfilmen: [Dette er MOT - YouTube](#)

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 028/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

**029/23: Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

I medhald av Lov om havner og farvann (havne- og farvannslova) av 21.06.2019 § 33 vedtek Austrheim kommune det framlagte forslaget til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 029/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

I medhald av Lov om havner og farvann (havne- og farvannslova) av 21.06.2019 § 33 vedtek Austrheim kommune det framlagte forslaget til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

---

### **030/23: Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 - Godkjenning**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 vert godkjennt. Plankart er datert den 16.02.2023. ROS-analyse datert den 22.06.2022. Reguleringsføresegner er datert den 01.03.2023. Vegteikningar med plan- og profiltekening er datert den 04.07.2022 og planomtale den 01.07.2022. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Omfattar område for 15-20 nye bustader på nytt areal, i tillegg til fortetting og høgare utnytting for dei bustadtomtene som er store nok og har plass til det.

- Med pumpestasjon VA på plass kan det byggast nye bustader, og det kan utvidast på Austrheim vidaregåande skule.

Inger-Lise Brekke (H) sa at det er eit bra område for barnefamiljar med kort veg til skule. Bør flytta busstrafikken ut frå dette området tett ved skulen, her svara Toft at det ligg som rekkjefølgjekrav å flytta busshaldeplassen opp til området ved krysset mot fylkesveg 565. Her sa ordførar Per Lerøy at kommunen kan ta initiativ inn mot fylket for å få på plass ei ny løysing for bussane, og sjølv starta arbeidet med grunneigarane av dette arealet der ein ny busshaldeplass skal komma.

Helge Dyrkolbotn sa at det er vanskeleg i dag for bussane, som kan verta forseinka med den konsekvens at elevar til Fedje ikkje rekk ferja heim. Om dette sa ordførar Lerøy (Ap) at det er kommentert til Skyss at det bør vera korrespondanse mellom buss og ferje.

Morten Sognes spurte om dei som må ha ny innkjøring, her svara Toft at det er ordningar for dette slik at grunneigarane skal kompenserasst.

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 030/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 vert godkjent. Plankart er datert den 16.02.2023. ROS-analyse datert den 22.06.2022. Reguleringsføresegner er datert den 01.03.2023. Vegteikningar med plan- og profiltekening er datert den 04.07.2022 og planomtale den 01.07.2022. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

---

#### **031/23: Mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for næringsområde NO4 Mongstadkrysset, planid. 2003002- Offentleg ettersyn**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune sender ei mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for næringsområde NO4 Mongstadkrysset, planid. 2003002 ut på høyring. Ny føresegn under **§ 3 Område for forretning, kontor og industri FK11 og FK12** vert:

*BYA = 50%.*

*Høgste mønehøgde er satt til kote 59,5 moh.*

*Byggja kan ikkje vera høgare enn 15 meter og ha maksimum 3 etg.*

*Byggjeregense mellom område FK11 og FK12 gjeld ikkje om dette er ein eigedom*

*Det skal vera gode arkitektoniske kvalitetar på bygga.*

Grunngevinga er gjeve i saksutgreinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-14.

#### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreinga.

- Auka utnyttingsgraden frå 40 til 50 prosent, og høgaste kotehøgde vert løfta til 59,5 meter, men maksimalt tre etasjar og femten meters høgde.

- Tek ut byggjeregense mellom eigedommane sidan det er same eigar her.

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 031/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune sender ei mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for næringsområde NO4 Mongstadkrysset, planid. 2003002 ut på høyring. Ny føresegn under **§ 3 Område for forretning, kontor og industri FK11 og FK12** vert:

BYA = 50%.

Høgste mønehøgde er satt til kote 59,5 moh.

Byggja kan ikkje vera høgare enn 15 meter og ha maksimum 3 etg.

Byggjegrænse mellom område FK11 og FK12 gjeld ikkje om dette er ein eigedom

Det skal vera gode arkitektoniske kvalitetar på bygga.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-14.

---

## **032/23: Framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim om Åsheim krins**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet tilrår framlegg til avtale mellom Alver og Austrheim kommune vedkomande elevar som høyrer til "Åsheimkrinsen" i Alver kommune, som skal gå på Kaland skule.

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Per Lerøy (Ap), Morten Sognnes (H) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa etter tur at det hadde tatt tid å få denne avtalen på plass, men at det ikkje har stått på Austrheim, og at det er bra at det no er i orden.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 032/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Formannskapet tilrår framlegg til avtale mellom Alver og Austrheim kommune vedkomande elevar som høyrer til "Åsheimkrinsen" i Alver kommune, som skal gå på Kaland skule.

---

## **033/23: BTI - modellen**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek å implementere BTI-modellen i Austrheim kommune.



### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om kva kostnader det er utover den eine millionen som er gitt i støtte. Jansen svara at det ligg nokre andre ressursar som kan brukast, elles er det eigeninnsats frå dei ulike tenestene. Tek sikte på å tilsetta ein prosjektleiar over to år.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kva som skal skje etter at den toårige prosjektperioden er ferdig. Her svara Jansen at andre program, som De utrolige årene (DUÅ) blir implentert i dei andre tenestene ein har. Prosjektperioden på to år med ei eiga stilling skal sikra at denne ordninga vert implementert skikkeleg.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er samkjøring mellom tenestene som allereie er på plass, og spurte i samband med dette om korleis samarbeidet er inn mot dei interkommunale tenestene. Jansen svara at dersom dette arbeidet skal lukkast, så må samarbeidet med til dømes barnevernet fungera.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at dette skal innførast på ein måte som sikrar at det fungerer ut over perioden på to år. Om det er naudsynt, må ein eventuelt jobba det inn i økonomiplanen når denne perioden er over.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 033/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek å implementere BTI-modellen i Austrheim kommune.

---

### **034/23: Avtale om tenesteyting - Austrheim sokn**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Tenesteytingsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd vert godkjent slik den ligg føre.

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om at det er vurdert gildskap for representantar som har verv i soknerådet, og at det er konkludert med at dei ikkje er ugilde.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 034/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Tenesteytingsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd vert godkjent slik den ligg

føre.

---

## **035/23: Innføring av utvalsmodellen i Austrheim kommune**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

#### Forslag 1:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemmer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

#### Forslag 2:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein har eit utval for Oppvekst og velferd, og eit Teknisk utval. Utvala skal ha sju medlemmer kvar. Leiarane av utvala må vera medlemmer av kommunestyret for å kunna vera saksordførarar der. Leiarane av utvala må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvala. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

#### Forslag 3:

Ingen endring – som i dag.

Det vert for kommunestyreperioden 2023-2027 innført utvalsmodell med tre utval, eit for kvart tenestemråde, minus kommunedirektøren sitt område.

Kvat utval skal ha sju medlemmer, der minst eit medlem er medlem av kommunestyre. Bakgrunnen for ynskje om tre utval er stort sett den same som er gjeve i saksutgreiinga frå gruppeleiarfora.

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemmer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og

formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

## **16.02.2023 KOMMUNESTYRET**

Utsetjingsframlegg - Arbeidarpartiet foreslått av: Per Lerøy

Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret 13. april.

Ekstramøte i kommunestyret for ny handsaming foreslått av: Per Lerøy

Det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

*Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at framlegget frå gruppeleiarane har vore oppe internt i Ap, der det vart sagt at saka måtte utsetjast til dei har hatt medlemsmøte. Lerøy la fram utsetjingsframlegg: Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret 13. april.*

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han var i stuss om det var ein god grunn til utsetjing at eitt parti ikkje har fått handsama saka. Elles låg det i vedtaket frå oktober at saka skulle handsamast i dag, og det heng saman med at det skal setjast opp lister til valet. Samstundes er det ei tung sak, og ser at det er grunnar til å diskutera dette grundigare.

Reidar Øksnes (Sp) sa om denne saka skal utsetjast, så må det kallast inn til eit ekstraordinært kommunestyre slik at det er kommunestyret som avgjer. Sp vil leggja fram eit grunngeve framlegg om å ha tre utval. Synest ikkje kommunestyret kan delegera dette til formannskapet.

Ordførar Per Lerøy sa at det ikkje skal vera formannskapet som skal avgjera, men når det er vedteke i formannskapet så er det reelt sett vedteke i kommunestyret også. Og kommunestyret 13/4 er etter at listene er leverte den 31. mars. Har ingen problem med å ta dette i eit ekstraordinært kommunestyre. Må kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars, dette kjem ein tilbake til.

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta over utsetjingsframlegget.

Samd for utsetjing, og for at det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

### **KS - 011/23 - 16.02.2023 - Vedtak:**

Austrheim Arbeidarparti har ikkje fått behandla denne saka i partiet og ber derfor om at saka vert utsett. Me ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 23. mars og kommunestyret.

Det skal kallast inn til eit ekstra kommunestyre nokre dagar i forkant av fristen 31. mars for handsaming av saka.

## **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Senterpartiet foreslått av: Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn

Det vert for kommunestyreperioden 2023-2027 innført utvalsmodell med tre utval, eit for kvart tenesteområde, minus kommunedirektøren sitt område.

Kvat utval skal ha sju medlemmer, der minst eit medlem er medlem av kommunestyre. Bakgrunnen for ynskje om tre utval er stort sett den same som er gjeve i saksutgreiinga frå gruppeleiarfora.

Eitt utval foreslått av:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

Leiar av gruppeleiarforum, Inger-Lise Brekke (H), orienterte om arbeidet med utvalsmodellen, der gruppeleiarane jobba med dette tidlegare i vår.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) la fram Sp sitt eige framlegg til vedtak, med innføring av tre utval: "Det vert for kommunestyreperioden 2023-2027 innført utvalsmodell med tre utval, eit for kvart tenesteområde, minus kommunedirektøren sitt område. Kvart utval skal ha sju medlemmer, der minst eit medlem er medlem av kommunestyre. Bakgrunnen for ynskje om tre utval er stort sett den same som er gjeve i saksutgreiinga frå gruppeleiarfora."

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at partiet ba om utsetting av saka, i samband med at denne var oppe i det siste kommunestyret. Denne utsettinga har gitt Ap tid til ei grundig handsaming i organisasjonen. I utgangspunktet ville Ap gå inn for framlegg 3, ingen utval/som i dag, men dei har komme fram til at ein kan prøva utvalsmodellen og starta med eitt utval som i framlegg 1.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at dei har diskutert saka i partiet, og at KrF vil gå inn for framlegg 2 med to utval.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om avrøystingsrekkefølga at ein startar med det framlegget som ser ut til å ha minst støtte.

Avrøystinga:

Framlegg 3 - ingen utval/som i dag, fekk ingen røyster.

Framlegg 4 - Sp sitt framlegg om tre utval, fekk ei røyst (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp))

Etter dette vart dei to siste framlegga sette opp mot kvarandre.

Framlegg 2 - to utval, fekk to røyster og fall, (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), og Helge Dyrkolbotn (KrF))

Framlegg 1 - eitt utval, fekk tre røyster og går vidare som formannskapet si tilråding til kommunestyret, (Per Lerøy(Ap), Inger-Lise Brekke (H) og Morten Sognnes (H).

Etter innspel frå kommunedirektøren tok formannskapet stilling til kva som skal vera namnet på dette felles utvalet for to kommunalsjefområde, helse/velferd og oppvekst/kultur, levekårsutvalet.

Namneframlegget går vidare som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

Handsaming i formannskapet:

Med tre mot to røyster tilrår formannskapet at det vert innført ein utvalsmodell med eitt utval, frå neste kommunestyreperiode. Eit samrøystes formannskapet tilrår at utvalet skal heita "levlekårsutvalet".

Framlegget som fekk fleirtal er slik:

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein

startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

**FS - 035/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.

---

**036/23: Auke låneramme formidlingslån Husbanken**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek at ein tek opp 10 millionar kroner i startlån for 2023.

**23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 036/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at ein tek opp 10 millionar kroner i startlån for 2023.

---